



## Saksprotokoll

**Organ:** Hovudutval for opplæring

**Møtedato:** 30.03.2016

**Sak nr.:** 16/2193-3

**Internt l.nr.** 10901/16

**Sak:** 6/16

**Tittel:** Stimuleringstilskot til fag- og yrkesopplæringa

**Behandling:**

### Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet kr 6.936.000,- for 2016 til lærlingar med ungdomsrett til følgjande tiltak:

- Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære - stillingsressurs
- Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lærekandidatar under 18 år
- Sommarskule i naturfag
- Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til læreplass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar eller stort fråvær.
- Oppfylggingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida vert
- avdekka behov for ekstra tilrettelegging
- Yrkesfagleg nettverk
- Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag
- Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram
- Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag
- Oppdateringskurs for prøvenemnder
- Vg3 i skule som alternativ til læreplass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke
- Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000 ,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
- Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra)
- Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med
- ein søkjar med ungdomsrett
- Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs
- Styrking av instruktør/opplæringa for nye lærebedrifter – tilskot på kr 5.000,-